

200901128-191
KV/JAS

Erik Seime
Inger Berit Skinlo
6827 Breim

Breim, 10.12.2012

NVE, Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Høyringsfråsegn til Breim Kraft AS sitt alternativ C

Alternativ C er eit mindre overgrep mot Storeelva slik vi ser det i forhold til alternativ A, men vi er fortsatt skeptiske til ei så stor utbygging av elva. Dette spesielt med den låge minstevassføringa som her er søkt om, vi veit at det er store mengder slam/ sand som kjem med elva, dette ser vi igjen ved utløpet i Breimsvatnet. Dersom minstevassføringa blir som det her er søkt om, med 1m³ på vinterhalvåret og 4m³ på sommarhalvåret fryktar vi at elva blir tilslamma og sedementert, noko som igjen kan fjerne livsgrunnlaget for fisken og anna liv i elva.

Det vil alltid vere ei viss fare for forureining frå landbruket mm. Elva er då meir utsett for dette ved så lav vassføring.

Vi kan heller ikkje sjå at det er skikkeleg utgreidd alternativ med mindre kraftstasjonar langs elva, som for eksempel ved Flølofossen. Noko dei er pålagd å utgreie.

Massedeponi, vi kan ikkje sjå at dette er utgreidd godt nok.

Vi er i utgangspunktet i mot ei større utbygging av elva. Mindre kraftverk ved dei største falla kan og bør vere eit godt alternativ. På den måten kan vi best mogleg behalde elva slik den er i dag, for bruk til fiske, friluftsliv, elvepadling, rekreasjon osv. Det er også ein del av identiteten til bygda.

Helsing,

Erik Seime

Erik seime

Inger Berit Skinlo

Inger Berit Skinlo